

VEDTEKTER

FOR

FJORD1 AS

Org.nr. 983 472 583

(Oppdatert per 20. oktober 2021)

§ 1 Selskapet sitt namn

Selskapet sitt namn er Fjord1 AS.

§ 2 Selskapet si verksemnd

Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjon- og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er interessant med tanke på fortjeneste og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller det leier til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

§ 3 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor skal være i Kinn kommune. Generalforsamlingen kan også haldast utanfor Kinn kommune.

§ 4 Selskapet sin aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er kr. 250 000 000 fordelt på 100 000 000 aksjar, kvar pålydande kr. 2,50. Selskapet sine aksjar skal være registrert i Verdipapirsentralen (VPS).

§ 5 Selskapet si leiing

Styret i selskapet skal bestå av fem til ni medlemmer, inkludert eventuelle representantar for dei tilsette.

Selskapet sitt firma skal teiknast av styret sin leiar og nestleiar i fellesskap, eller av dagleg leiar aleine. Styret kan meddele prokura.

Selskapet skal ikkje ha meir enn ein dagleg leiar.

§ 6 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame og avgjere følgande:

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsberetning.
2. Anvending av overskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balanse, samt utdeling av utbytte.
3. Val av styre.
4. Andre saker som med heimel i lov høyrer under generalforsamlinga.

For øvrig henvisast til den til einkvar tid gjeldande aksjelovgivninga.